

Utfordringar og prioriteringar for Vestlandsutstillingen

Utfordringar:

- 1) Org. treng ein betre styringsmodell, då den noverande med representantskap av 9 representantar frå visningsstader, arrangørar, samt medl. frå biletkunstforeningane på Vestlandet har vist seg tungrodd og lite hensiktsmessig for effektiv og smidig drift.
- 2) Profesjonalisere styrearbeidet, slik at styreverva vert attraktive og handlar om meir enn å «fylle» ein plass i styret. På sikt er målet å bli i stand til å betale anstendige styrehonorar til styreleiar, nestleiar og 1 stk. AU-representant. I tillegg må det vere eit mål å kunne betale møtehonorar til alle styremedlemmer (3-4 møter årleg.)
- 3) Pr.d.d. betaler VU eit vederlag til kunstnarane som ligg på om lag 50% av NBK sine satsar. VU har auka vederlaget dei siste par åra, men ikkje tilstrekkeleg. VU ser det som viktig å kunne tilby kunstnarane vederlag i tråd med NBK sine satsar, ettersom det er kunstnarane som skaper innhaldet i VU. Slik kan VU bidra til å skape ryddige vilkår for kunstnarane.
- 4) Det er trong for midlar til å skape ryddige og forutseielege økonomiske rammer for organisasjonen sitt ansvar som arbeidsgjevar (t.d. sikre normal lønsvekst, pensjonsordning, yrkesskadeforsikring, reisegodtgjersle i samsvar med Statens Regulativ, tillegg for arbeid som må gjerast kveld/helg), slik at stillinga vert attraktiv å stå i over tid. Berre ved å ta ansvaret som arbeidsgjevar på alvor vil ein kunne knytte til seg, og bygge opp, kompetanse som kjem VU til gode over tid.
- 5) Utstillingsleiar (UL) sin stillingsstorleik er pr.d.d. 35%. Dette er for lite i høve til dei arbeidsoppgåvene som påfall den einaste tilsette i organisasjonen. Organisasjonen ser det som naudsynt å auke stillinga til 40% så snart som råd og innan årsmøtet 2018. Arbeidsoppgåvene er mange og varierte, og det er viktig å forbetre kontinuiteten i drifta av VU, samt unngå for hyppig utskifting av utstillingsleiar. (På litt lengre sikt bør UL opp i 50% stilling.)

Prioriteringar:

- 1) Arbeide fram ein betre og meir effektiv styringsmodell for VU. Styret byrja dette arbeidet på ei strategisamling 23.april 2017, og vil ha dette som hovudsak for eit møte som er satt til 29.august 2017.
- 2) Profesjonalisere styrearbeidet i VU, ved å:
 - Lage tydelege instruksar til styreleiar, nestleiar og AU-representant, slik at arb.oppgåvene er kjende for den som takkar «ja» til vervet. Skape forståing for at org. treng eit styre som er aktive, og som held dialog med UL gjennom året.
 - Auke vederlaget til kunstnarane, slik at VU så snart som råd kan tilby vederlag i tråd med NBK sine satsar.
 - Utbetale styrehonorar til styreleiar, nestleiar og AU-representant.
 - Betale møtegodtgjersle til styremedlemmer frå BKMR, BKSF, BKFH og BKFR. (Pr.d.d. vert repr. frå visningsstadene betalte frå sin arb.gjevar, repr. frå arrangørane Sunnfjord Kunstlag og Haugesund Kunstforening kjem frå friviljuge org., medan biletkunstnar-representantane ikkje får noko form for godtgjersle/honorar.) På lengre sikt vil det vere eit mål at VU kan betale møtehonorar til alle styremedlemmene.

- 3) Vestlandsutstillingen (VU) må profesjonalisere seg i høve til sitt ansvar som arbeidsgjevar gjennom å ordne:
- Yrkesskadeforsikring for UL (lovpålagd) → Dette vart ordna pr. 20.april 2017.
 - Pensjonsordning for UL (ikkje lovpålagd for ei 35% stilling, men avgjerande for å gjere stillinga attraktiv å stå i over tid)
 - Tilby reisegodtgjersle i samsvar med Statens regulativ
 - Tillegg for arbeid som ikkje let seg gjere innafør normalarbeidsdagen, dvs. arb. på kveldstid og i helgar
 - Betaling for reisetid som overstig t.d. 1 time kvar veg.
- 4) Utstillingsleiar (UL) sin stilling må aukast frå 30% til 40% så snart som råd. Innafor eit allereie stramt budsjett, er auka driftsstøtte naudsynt for å få dette til. (Stillinga vart auka frå 30-35% f.o.m. 1.mai 2017 og førebels ut året. På litt lengre sikt vil det vere ønskjeleg at VU har ein UL i 50% stilling.)